

PLAN FOR SKULEHELSETENESTA I ÅSERAL KOMMUNE



1.0 INNLEIING	3
2.0 GRUNNLAG FOR VERKSEMDA.	4
2.1 LOVGRUNNLAGET	4
2.2 VERDIGRUNNLAG I SKULEHELSETENESTA	4
2.3 MÅL FOR SKULEHELSETENESTA	4
3.0 METODAR OG VERKTØY	5
4.0 SAMARBEID	6
4.1 TVERRFAGLEG OG TVERRETATLEG SAMARBEID	6
4.2 BRUKERMEDVIRKNING	6
5.0 DOKUMENTASJON	7
5.1 JOURNALFØRING	7
5.2 LEGEMIDDELHÅNÐTERING	7
6.0 SMITTEVERN OG INTERNKONTROLL	8
6.1 FORSKRIFT FOR MILJØRETТА HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULE.	8
6.2 KVALITETSIKRING OG INTERNKONTROLL	8
7.0 PRIORITERING AV OPPGÅVER	8
7.1 LOVPÅLAGDE OPPGÅVER	9
7.2 ANDRE IKKJE LOVPÅLAGDE OPPGÅVER KAN VERE:	9
8.0 EVALUERING AV PLANEN	9
9.0 TILTAKSPLAN FOR SKULEHELSETENESTA	9
9.1 ADMINISTRASJON OG ANSVAR	9
9.2 GENERELLE TILTAK	10
9.3 LOKALAR OG UTSTYR FOR SKULEHELSETENESTA	10
9.4 TIDSBRUK	10
9.5 PROGRAM FOR DEI ULIKE KLASSANE	11
9.6 SAMARBEIDSMØTE MED SKOLEN (K-TEAM)	14
9.7 ANSVARSGRUPPER	14
9.8 KJERNEGRUPPE	14
9.9 ULIKE SAMARBEIDSGRUPPE PPT/ABUP/SKULE/BARNEHAGE/BARNEVERN/ INTEGRERING	14



1.0 Innleiing

Skulehelsetenesta er ei lovpålagd teneste til alle born og unge frå 1.klasse til og med elevane i vidaregåande skule. Helsestasjonen og skulehelsetenesta er sentrale i kommunens folkehelsearbeid. Det er gitt nasjonale faglige retningslinjar for å oppnå forsvarleg og god kvalitet i tenesta.

Tenesta skal være eit lavterskeltilbod, tilgjengeleg for alle i målgruppa og skal og vere med å fange opp born i risiko. Det er ein forpliktande plan for samarbeid mellom skule , helsestasjon, anna helsepersonell og andre kommunale tenester.

Ifølge forskrift om kommunens helsefremmande og førebyggande arbeid i helsestasjon og skulehelsetenesta skal kommunen fremme befolkningas helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidelser, bidra til å utjamna sosiale helseskilnader og bidra til å beskytta befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen er ansvarleg for at tenesta har naudsynt kompetanse og ressursar og er organisert på ein hensiktsmessig måte.

Skulehelsetenesten skal i samarbeid med skulens personell, elevar og foreldre skape ei helsefremmande skule gjennom å fremme godt lærings- og arbeidsmiljø med hensyn til helse, trivsel og sikkerhet. Tiltaka gjeld heile skulemiljøet, både fysisk og psykososialt, innandørs og utendørs.

Skulehelsetenesten må være kjend med opplæringslova kapittel 9a, elevane sitt skolemiljø, https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11, og med krava i forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Skulehelsetenesten skal i samarbeid med elevar, foreldre og føresette, skulens personell og øvrige samarbeidspartnarar arbeide for å identifisere elevar med helsemessige problem som har samanheng med skulesituasjonen.

Skulehelsetenesten skal vere sentral i det helsefremjande og førebyggande arbeidet med å sikre eit godt psykososialt skolemiljø for alle elevar, og skal ha eit heilskapleg blick på kompetanse om helse, oppvekst og livskvalitet. Vidare skal den vere ei støtte for born og unge i ein sårbar fase og bidra til å hindre fråfall i vidaregåande opplæring. Når skulehelsetenesten er lett tilgjengeleg på skulen, kan tenesta avdekke problem tidlegare og nå frem til alle born og unge uavhengig av sosial bakgrunn. Skulehelsetenesten kan handtere helsemessige problemstillingar som står i vegen for læring. Undersøkingar viser at personell som samarbeider ønsker auka nærvær av helsesøster på skulen og i undervisning.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten/seksjon?Tittel=samhandling-med-skole-10337#systemrettet-samarbeid:-skulehelsetjenesten-bør-ha-et-systemrettet-samarbeid-med-skolensterk-anbefaling>



2.0 Grunnlag for verksemda.

2.1 Lovgrunnlaget

- Grunnloven
- Helsepersonellova
- Menneskerettighetslova
- Helse og omsorgstjenestelova
- Pasient og brukerrettighetslova

Forskrifter:

- Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons og skolehelsetjenesten
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skolen
- Forskrift om meldingar for system for vaksinasjonskontroll
- Forskrift om pasientjournal
- Forskrift om individuell plan
- Forskrift om legemiddelhåndtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp.

Nasjonalfaglige retningslinjer:

- Nasjonalfaglige retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom
- Nasjonale faglige retningslinjer for undersøkelse av syn, hørsel og språk hos barn
- Nasjonale faglige retningslinjer for veging og måling i helsestasjons og skulehelsetenesta
- Nasjonal faglige retningslinjer for forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge.

2.2 Verdigrunnlag i skulehelsetenesta

- Alle menneske er like mykje verd. Den enkelte av oss er eineståande med unik innsikt i eige liv.
- Me skal møte born , unge og føresette med respekt og empati.
- Me skal vere tilstade for dei elevar, føresette og andre som treng det.
- Me skal bidra til elevane har kunnskap om kropp, helse, kva hemmar og fremmer eiga og andres helse. Korleis ta vare på eiga helse, oppleve meistring og kunne ta eigne val.

2.3 Mål for skulehelsetenesta

- Dei overordna måla:
 - Fremje god psykisk og fysisk helse
 - Fremje gode sosiale og miljømessige forhold
 - Førebyggja sjukdommar og skade
 - Førebyggjande psykososialt arbeid –
 - Tidleg intervensjon innan det psykiske helsevernet for born



- Førebygging av fedme og overvekt
- Systemretta samarbeid med skulen
- Skape ein helsefremmande skule i lag med skulens personell, elevar og foreldre/føresette.

Elevane ved Åseral barne og ungdomsskule skal:

- Oppleva trivsel og tryggleik
- Ha eit positivt sjølvbilete
- Ha kunnskap og forståing av eiga helse

3.0 Metodar og verktøy

Det er varierte metodar og verkty som brukast i det helsefremmande og førebyggande arbeidet i skulehelsetenesta. Desse byggjer på kunnskapsbasert praksis, faglitteratur, aktuelle lover og faglege vegleiarar. Metodane skal ha best mogleg dokumentert effekt. Medbestemmelse og brukarmedverknad vektleggast.

1. Helseundersøkingar: undersøkingar av kvar enkelt med samtale og klinisk undersøking, tilpassa risiko og behov.
2. Screening: rutinemessige og standardiserte helseundersøkingar av ei gruppe. Formålet er tidleg diagnostisering og behandling.
3. Konsultasjonar/ vegleiiing- open kontor prinsipp: direkte kontakt mellom skulehelsetenesta og skuleborn eller føresette. Arbeidsforma i skulehelsetenesta er ein kombinasjon av konsultasjonar med enkeltelevar eller i grupper.
4. Helseopplysning, undervisning og informasjon: målet er å gi den enkelte eit kunnskapsgrunnlag for å ivareta eiga helse, individuelt eller i gruppe.
5. Rådgeving og vegleiiing.
6. Tverrfagleg samarbeid: det vektleggast samarbeid mellom fagpersonar med ulike kompetanse, og målet er å få ei felles problemforståing og målsetting til det beste for den enkelte elev.
7. Tilretteleggje for fysisk læringsmiljø: som ein del av dette arbeidet har fysioterapeut et særlig ansvar for å ivareta elevens fysiske læringsmiljø, sjå forskrift om miljørette helsevern i barnehagar og skule og opplæringslova§9a2.



4.0 Samarbeid

Skulehelsetenesten er forpliktet til å ha eit systemretta samarbeid med skulen for å bidra til å sikre elevane eit godt fysisk og psykososialt miljø. Samarbeidet mellom skulehelsetenesten og skulen bør ha som mål å oppnå:

- Felles verdigrunnlag
- Felles forståelse av begreper
- Avklaring av roller og ansvar
- Kjennskap til hverandres regelverk

Samarbeidet bør blant anna innebere **at skulehelsetenesten deltek i aktuelle fora i skolen**, til dømes

- Møter med skulens leing og pedagogisk personale
- Skulens planleggingsdagar
- Skulens ressursteam, tverrfaglege team og møte med rådgjevar, sosiallærer og lærarar
- Elevrådsmøter og foreldremøter, foreldrenes arbeidsutvalg (FAU), samarbeidsutvalg, skolemiljøutvalg og skulefritidsordning.
- Fora om frafall i videregående skole og tiltak for å hindre frafall fra skolen

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten/seksjon?Tittel=samhandling-med-skole-10337#systemrettet-samarbeid:-skulehelsetjenesten-bør-ha-et-systemrettet-samarbeid-med-skolensterk-anbefaling>

4.1 Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid

Skulehelsetenesta skal ha rutinar for samarbeid med skulen og andre kommunale tenester, som fastlegane, psykolog, tannhelsetenesta, fylkeskommunen og spesialisthelsetenesta. Samarbeidsrutinar bør vera skriftlege med tanke på kvalitetsikring og flyt i tilbodet.

Tverrfagleg samarbeid sett strenge krav til teieplikt både etisk og juridisk. Det skal som hovudregel føreligga eit informert samtykke frå føresette. Dette er viktig for at teieplikta ikkje blir eit hinder for godt samarbeid til det beste for eleven. Det finnes lovbestemte unntak frå teieplikta, jamfør helsepersonelloven §§32 og 33.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten/seksjon?Tittel=fellesdel-samhandling-og-samarbeid-5871>

4.2 Brukermedvirkning

Brukermedvirkning på individnivå ivaretas i konsultasjonane og i tenestens øvrige møter med born, ungdom og deira foreldre, for eksempel ved drop-inn besøk, når tenesta deltek i undervisning eller i gruppesamtalar. Helsestasjon, skulehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom skal sikre at born, ungdom og deira foreldre opplever å bli lytta til og høyrd. Tenesten skal leggje til rette for at born og ungdoms medverknad blir reell, både på individ og systemnivå.

- Barn under 12 år: Foreldre har samtykkekompetanse på vegne av bornet.
- Barn mellom 12- 16 år: Bornets / ungdomens meiningar skal tilleggas stor vekt.
- Ungdom 16- 18 år: har rett til å samtykke sjølv.



<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/seksjon?Tittel=fellesdel-ledelse-styring-og-5873#kvalitet-og-pasientsikkerhet:-ledere-i-helsestasjon,-skolehelsetjeneste-og-helsestasjonen-for-ungdom-skal-arbeide-systematisk-med-kvalitet-og-pasientsikkerhetkrav-i-lov-eller-forskrift>

<http://barneombudet.no/dine-rettigheter/rettighetsplakaten/>

5.0 Dokumentasjon

5.1 Journalføring

Helsepersonell som yt helsetenester på sjølvstendig grunnlag, har dokumentasjonsplikt. Fastsetjinga om plikt til å dokumentere den pasientretta verksemda framgår av helsepersonelloven § 39, fyrste ledd.

Helsepersonell med autorisasjon eller lisens i henhold til loven §§ 48 og 49 har dokumentasjonsplikt i henhold til loven § 39.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-i-journalforing-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

Skulehelsetenesta pliktar å føre journal. Journalføring foretas på bakgrunn av kva helsepersonell pliktar å føre, og kva dei ut ifrå fagleg vurdering finn naudsynt og hensiktsmessig. Føresette og eleven har som hovudregel rett til innsyn i alle opplysningar som omhandlar eleven. Ved flytting er hovudregelen at journalen skal overførast til ny helsestasjon eller skulehelsetenesta for å sikre ei faglig forsvarleg oppfølging. SYSVAK er eit nasjonalt vaksinasjonsregister, der alle vaksiner blir registrert. Dette blir gjort for å halde oversikt over vaksinasjonsdekninga på landsbasis og for å ha oversikt over den enkeltes vaksinasjonsstatus.

5.2 Legemiddelhandtering

Helsestasjons- og skulehelsetjenesten skal bidra til at det etableres rutiner for handtering av legemidler i barnehager, skoler og skolefritidsordningar, jf. forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesten. § 2-4.[5]

Det inneber at skulehelsetenesten skal bidra i å utarbeide rutinar om forsvarleg oppbevaring, administrering og utdeling av legemidler på skulen, herunder rutinar for opplæring av personale på skulen som skal bistå elevane med medisineringsa.

Forskrifta gjer ikkje personell i skulehelsetenesta plikt til å utføre den daglege handteringsa av legemidlane. Skulehelsetenestens ansvar forutsett at skulens leiing tek kontakt med skulehelsetenesten ved behov for bistand.



6.0 Smittevern og internkontroll

6.1 Forskrift for miljøretta helsevern i barnehagar og skule.

Med elevanes miljø meines det fysiske og psykososiale miljøet, både innandørs og uteområde som ligg på skulens eigedom. Formålsparagrafen understreker at det er særst viktig at elevar har eit helsefremmande miljø og ikkje berre beskyttelse mot risiko. Formålsparagrafen seier at helsefagleg kompetanse skal vere saman med teknisk, pedagogisk og planfagleg kompetanse når skulen planleggjast, drives og i forhold til vedlikehald.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljoettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

6.2 Kvalitetsikring og internkontroll

Einkvar som yt tenester etter helse- og omsorgstenesteloven skal sørge for at verksemda arbeider systematisk for kvalitetsforbetring og pasientsikkerhet, jf. helse- og omsorgstenesteloven § 4-2.[7] Dette er et ansvar for leiarar og ansette på alle nivå i verksemda.

Kommunens leiing, som er ansvarleg for verksemda, må ha tilstrekkeleg innsikt i kva som fungerer bra og kva som bør bli betre i tenesta. For å oppnå dette må det innad i verksemda etablerast ei felles forståing rundt kva som er verksemdas hovudoppgåver og mål.

Målet med kvalitetsforbedringsarbeidet er å avdekke, rette opp og sikre at helsestasjon, skulehelsetenesten og helsestasjon for ungdom drives i tråd med lov- og forskriftskrav. Vesentlege element i dette vil vere å utvikle, iverksette, kontrollera og forbetre naudsynte rutinar, instruks, prosedyrar eller andre tiltak.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/seksjon?Tittel=fellesdel-ledelse-styring-og-5873#kvalitet-og-pasientsikkerhet:-ledere-i-helsestasjon,-skolehelsetjeneste-og-helsestasjonen-for-ungdom-skal-arbeide-systematisk-med-kvalitet-og-pasientsikkerhetkrav-i-lov-eller-forskrift>

7.0 Prioritering av oppgåver

Det å kunne vite kva ein skal prioritera og kva som er lovpålagde og ikkje lovpålagde tenester i kommunen er særst viktig dersom ein opplev situasjonar som krev slike prioriteringar. Prioriteringar må tas utifrå følgjande spørsmålsstillingar:

- Er tenesta ei lovpålagd teneste?
- Kor stor er ulempene/ alvorlighetsgraden ved at tiltaket uteblir?
- Kan tiltaket utsetjast til eit seinare tidspunkt utan for store skader?



7.1 Lovpålagde oppgåver

Forskrifta om kommunens helseframande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelsetenesta er leiande for det arbeidet ein gjer i skulehelsetenesta. Den seier at helsestasjons og skulehelsetenestas tilbod til born og unge skal innehalde:

- helseundersøkingar og rådgjeving med oppfølging/henvising ved behov
- Førebyggjande psykososialt arbeid
- Opplysningsverksemd og vegleing individuelt og i grupper
- Heimebesøk / oppsøkjande verksemd
- Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar
- Bistand og undervisning i gruppe/klasse/ foreldremøte i samarbeid med skulen
- Samarbeid om habilitering av born og ungdom med spesielle behov, kronisk sjuke og menneske med nedsett funksjonsevne.
- Barnevaksinasjonsprogrammet

7.2 Andre ikkje lovpålagde oppgåver kan vere:

- Ulike helseførebyggjande tverrfaglege prosjekt som Kjærleik og grenser, Link til livet, jentegrupper, guttegrupper, uke 6.

8.0 Evaluering av planen

Skulehelsetenesta og skulen skal evaluere sjølve planen kvart 2. år. Tiltaksdelen av planen evaluerast x1 pr år. Det er leiande helsesyster sitt ansvar.

9.0 Tiltaksplan for skulehelsetenesta

9.1 Administrasjon og ansvar

Leiande helsesykepleier Kristine Tøsse er administrativ og sjukepleiefagleg leiar av skulehelsetenesta og helsestasjon, har ansvar for planlegging og dagleg drift av helsestasjonen.

Helsesykepleier Hildegunn Sangesland : ansvarleg for planlegging og dagleg drift av helsestasjonen.

Helsestasjonslege Peter Kutschera har det medisinsk faglege ansvar.

Fysioterapeut Eirik Ulset har det faglege ansvar for si verksemd innan skulehelsetenesta.

Kommunepsykolog: Guro Høiland, tilstades ein dag kvar 14.dag, tilbod til born og foreldre. Gjeld til og med 31.12.2019.



9.2 Generelle tiltak

Skulehelsetenesten sender ut eit informasjonsskriv til alle elevar. Skrivet sendes ut til foreldre på mail ved skulestart, eller når det kjem nye elevar.

Oppdatert informasjon på skulens og kommunens heimeside
Facebookside for skulehelsetenesten oppdaterast jevnleg frå 01.08.2017.

9.3 Lokalar og utstyr for skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta sine aktivitetar vil gå føre seg dels i helsestasjonen sine lokalar, dels ved Åseral barne og ungdomsskule. Skulen skal etter lova stille tilfredsstillande lokale og utstyr til disposisjon for skulehelsetenesta. Helsesykepleier disponerar i dag eit kontor utan handvask på barneskulen og eitt kontor på u-skolen med handvask og kjøleskåp.

9.4 Tidsbruk

Helsesykepleier er tilstades på skulen måndagar, tysdagar og torsdagar.

Open kontor prinsipp, der terskelen for å ta kontakt er låg.



9.5 Program for dei ulike klassane

Klassetrinn	Program for dei ulike klassetrinna	Ansvar	Vaksine
Felles for småtrinnet	Målretta jobbing for godt psykososialt miljø, bli kjend med egne kjensler, å vere seg sjølv, konflikthandtering.		
Førskule/ 1.klasse	<p>Skulestartundersøking</p> <p>Barnet kallast inn til helseundersøking i følge med ein av foreldra. Ein dag til informasjon og klinisk undersøking og individuell vurdering av motorikk.</p> <p>Aktuelle tema for samtale: Kosthald, søvn, fritidsaktiviteter, ulykker/skade, nettvett, tannhelse, vald, overgrep.</p> <p>Generell organundersøking hos lege: Høyrslø, hjarte, vekst, lunge, musklar, skjelett, motorikk, testikkel, tannstatus, munnhole. Elles målretta helseundersøking i samsvar med observert behov.</p> <p>Helsesøster, lege og fysioterapeut har ein oppsummerande samtale etter undersøking for å vurdere behov for vidare oppfølging. Barn som treng det visast vidare til andre instansar etter behov og samtykke frå foreldra.</p> <p>Link til livet- Gjere elevane kjende med ulike omgrep knytt til kjensler, konflikthandtering og venskap.</p> <p>Undervisning/informasjon: helse og sjukdom, trivsel på skulen og heime, venskap, hygiene er døme til tema.</p>	<p>Helsesykepleier, helsestasjonslege, Fysioterapeut</p> <p>Lærer/ helsesykepleier</p>	
2. Klasse	<p>Informasjon om vaksine. Vaksinen blir sett på skulen eller helsestasjonen</p> <p>Undervisning/informasjon: helse og sjukdom, trivsel på skulen og heime, venskap, hygiene er døme til tema.</p> <p>Link til livet- Gjere elevane kjende med ulike omgrep knytt til kjensler, konflikthandtering og venskap.</p>	<p>Helsesykepleier Lærer.</p>	DTP-IPV
3. Klasse	<p>Rutinemessig høgdemåling og vekt. Oppfølgingssamtale ved behov.</p> <p>Undervisning/ helseinformasjon om ulike tema kan vere aktuelt.</p> <p>Link til livet- Gjere elevane kjende med ulike omgrep knytt til kjensler, konflikthandtering og venskap.</p>	<p>Helsesykepleier Fysioterapeut</p>	



4. Klasse	Helseopplysning/ undervisning: Aktuelle tema kan vere: helse, kosthald, aktivitet, vold/rus/overgrep. Link til livet- Gjere elevane kjende med ulike omgrep knytt til kjensler, konflikthandtering og venskap.	Helsesykepleier Lærer	
Felles for mellomtrinnet	Målretta jobbing for godt psykososialt miljø, haldningar, å vere seg sjølv, trivsel, og førebygging av mobbing.		
5. Klasse	Helseopplysning/ undervisning: Aktuelle tema kan vere: helse, kosthald, pubertet, aktivitet, vold/rus/overgrep. Andre aktuelle undervisningsopplegg kan vere: Uke 6- www.uke6.no Jentegrupper/ guttegrupper? link til livet	Helsesykepleier	
Klassetrinn	Program for dei ulike klassetrinna	Ansvar	Vaksine
6. Klasse	Helseopplysning/ undervisning: Aktuelle tema kan vere: helse, kosthald, pubertet, aktivitet, vold/rus/overgrep, mobbing. Informasjon i klassen om MMR vaksinen. Andre aktuelle undervisningsopplegg kan vere: Uke 6- www.uke6.no , jentegrupper/ guttegrupper, link til livet.	Helsesykepleier	MMR
7. Klasse	Helseopplysning/ undervisning: aktuelle tema kan vere helse, kosthald, pubertet, aktivitet, vold/rus/overgrep, mobbing. Informasjon om HPV-vaksine. Andre aktuelle undervisningsopplegg kan vere: Uke 6- www.uke6.no , jentegrupper/ guttegrupper, link til livet.	Helsesykepleier	HPV-
Felles for ungdomstrinnet	Målretta jobbing for godt psykososialt miljø, haldningar, å vere seg sjølv, trivsel og førebygging av mobbing.		



8. Klasse	<p>Helseopplysning/ undervisning i klassen: aktuelle tema kan vere seksuell helse og legning, psykisk helse, kosthald.</p> <p>Helsesamtale hos helsesyster.: Individuell samtale og helseundersøking med alle elevane. Vekt og høgde.</p> <p>Foreldre får informasjon om undersøkinga, men det er anbefalt at dei ikkje blir med på sjølve samtalen.</p> <p>Tema for samtalen vil vere: Mestring, trivsel, relasjonar, søvn, kosthald, fysisk aktivitet, tannhelse, seksualitet, tobakk, rus, vald, overgrep, og omsorgssvikt.</p> <p>Motorisk undersøking hos fysioterapeut</p> <p>Andre aktuelle undervisningsopplegg kan vere:</p> <p>Foreldre og elevar: Kjærleik og grenser. Ei gong i veka i 8 veker for elevar og foreldre. Oppstart i januar.</p> <p>Jentesnakk, uke 6, link til livet kan vere aktuelle tiltak som ein del av det førebyggjande arbeidet.</p> <p>Fysisk aktivitet i samarbeid med skulen.</p>	<p>Helsesykepleier kontaktlærer</p> <p>Fysioterapeut</p> <p>Sosiallærer, psykisk helse og helsesykepleier</p> <p>Fysioterapeut</p>	
9. Klasse	<p>Helseopplysning/ undervisning i klassen: aktuelle tema kan vere seksuell helse og legning, psykisk helse, kosthald</p> <p>Jentesnakk, uke 6, link til livet kan vere aktuelle tiltak som ein del av det førebyggjande arbeidet.</p>	<p>Helsesykepleier Kontaktlærer</p>	
10. Klasse	<p>Helseopplysning/ undervisning i klassen: aktuelle tema kan vere seksuell helse og legning, psykisk helse, kosthald</p> <p>Informasjon om vaksine.</p> <p>Jentesnakk, uke 6, link til livet kan vere aktuelle tiltak som ein del av det førebyggjande arbeidet.</p>	<p>Helsesykepleier Kontaktlærer</p>	dTp-IPV

I alle klassetrinn vil ein kalle inn born til kontroll ved behov, basert på tidlegare funn og risikobilde.

<http://linktillivet.no/>

<https://sexogpolitikk.no/seksualundervisning/om-uke-6/>

<http://www.korus-sor.no/utviklingsprogram/kjaerlighet-og-grenser/>

<http://www.korus-sor.no/kurs-konferanser/mer-jentesnakk/>



9.6 Samarbeidsmøte med skolen (K-team)

Samarbeidsmøter ei gong i månaden der helsesykepleier, spes ped, rektor og avdelingsleiar og sosiallærar er faste medlemmar. Etter innhenta samtykke diskuterast bekymringssaker, ein gir kvarandre råd og rettleiing, drøftar framgangsmåtar der tiltak skal setjast inn, og avtaler oppgåvefordeling i enkeltsaker eller som ledd i kvalitetsutvikling.

9.7 Ansvarsgrupper

Helsesykepleier og/eller lege og fysioterapeut deltar der det er behov.

9.8 Kjernegruppe

Består av faste medlemmer frå barnevern, helsestasjon, skule, politi og psykisk helse. Eit frivillig tilbod til elevar og føresette. Målet er å setje inn tiltak der det trengs på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Møtes ca. ei gong i månaden. Er ein del av fast tilbod i mobbesakar.

9.9 Ulike Samarbeidsgruppe PPT/ABUP/Skule/Barnehage/Barnevern/ Integrering

Hovudfokus på kartlegging og utredning av elevar med spesielle behov, utfordrande åtferd og kronisk sjukdom og eller bekymring av andre årsaker.

